



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 23.01.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14:00

Møtet var styrt av utvalsleiar Mabel Johansen, H.

Medlemmane var innkalla i skriv dagsett 16.01.18.

Tormod Skurtveit, AP, var ugild i UDU-sak 10/2018.

Før handsaming av sakene var utvalet på synfaring i samband med UDU-sak 08/2018.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Berit Ohnstad	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Larsen	AP

Desse møtte frå administrasjonen:

Anny Bastesen, Sektorsjef Teknisk

Protokollfører: Larissa Dahl

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

04/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
---------	---------------------------------------

05/2018	Godkjenning av møtebok
---------	------------------------

- 06/2018 Referatsaker
- 07/2018 Delegererte saker
- 08/2018 GBNR 37/53 - Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft, samt reindrift, for oppføring av bustad - Ådland
- 09/2018 GBNR 23/4 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet friområde og løyve til opparbeiding av parkeringsplass - Frekhaug
- 10/2018 GBNR 51/9 - Dispensasjon frå LNF- føremål i kommuneplanen sin arealdel for frådeling av parsell med påståande bustad, Landsvik
- 11/2018 GBNR 6/62, Ytre Brakstad - Søknad om dispensasjon frå LNFR for deling av eigedom
- 12/2018 GBNR 18/57,63 - Klage på pålegg om tilknytting til kommunalt vassverk - Dalstø
- 13/2018 Aktuelle saker

04/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 04/2018 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

05/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll vert godkjent.

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 05/2018 VEDTAK:

Møteprotokoll vert godkjent.

06/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 06/2018 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

07/2018: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 07/2018 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

08/2018: GBNR 37/53 - Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft, samt reindrift, for oppføring av bustad - Ådland

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 12.9.2017 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 20.6.2017, DS-171/2017, blir endra. Klagen blir difor ikkje teken til følgje. Det blir vist til saksutgreiing og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Før handsaminga av saka 08/2018 var utvalet på synfaring.

Framlegg til vedtak frå Rune Lekven Skår, SP:

"Utval for drift og utvikling tek klagen til følgje, og gjev dispensasjon på vilkår at avkjørsle til FV 245 vert utbetra etter Statens vegvesen sine retningslinjer. Nordhordlandspakken er godkjent, og FV 245 er venta å vere utbetra tidleg etter 2020 som prosjekt nr.2 på prioriteringslista for Fosse. Samfunnsmessege fordelar: Nordhordlandspakken er vedtatt og reguleringsplanarbeid er godt i gang."

Ved røysting alternativt framlegg til vedtak frå Rune Lekven Skår, SP, fekk 8 røyster for, 1 i mot (MDG) og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå rådmannen fekk 1 røyst for (MDG) og 8 i mot og fall.

UDU - 08/2018 VEDTAK:

mot 1 røyst (MDG):

"Utval for drift og utvikling tek klagen til følgje, og gjev dispensasjon på vilkår at avkjørsle til FV 245 vert utbetra etter Statens vegvesen sine retningslinjer. Nordhordlandspakken er godkjent, og FV 245 er venta å vere utbetra tidleg etter 2020 som prosjekt nr.2 på prioriteringslista for Fosse. Samfunnsmessege fordelar: Nordhordlandspakken er vedtatt og reguleringsplanarbeid er godt i gang."

09/2018: GBNR 23/4 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet friområde og løyve til opparbeiding av parkeringsplass - Frekhaug

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon

frå arealformålet friområde i Reguleringsplan for Frekhaug aust for opparbeiding av parkeringsplass, gangveg til friområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg på gbnr. 23/4 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak, journalført motteke 16.3.2017.»

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 09/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå arealformålet friområde i Reguleringsplan for Frekhaug aust for opparbeiding av parkeringsplass, gangveg til friområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg på gbnr. 23/4 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak, journalført motteke 16.3.2017.»

10/2018: GBNR 51/9 - Dispensasjon frå LNF- føremål i kommuneplanen sin arealdel for frådelling av parsell med påståande bustad, Landsvik

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel for frådelling av bustadhus med tomt på gbnr 51/9, jf søknad motteke 16.10.2017.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling og omdisponering etter jordlova §§ 9 og 12 for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 51/9, jf søknad journalført motteke 16.10.2017.

- Det blir satt vilkår for godkjenninga at parsellen ikkje vert større enn 0,9 daa.
- Tilkomstvegen forbi huset må utvidast, slik at ein kan passere med landbruksutstyr utan at det blir til hinder for bustadføremålet eller landbruket. Eksakt løysing skal vurderast saman med løyve etter pbl. Kap. 20.
- Vegrett må tinglysast til den nye parsellen, seinast saman med oppmålingsforretninga.

Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Tormod Skurtveit , AP, ba utvalet ta stilling til om han er ugild i saka då han er sønn til søkjar. Tormod Skurtveit fråtrådte møtet.

Røystinga viste at utvalet var enstemming i at Tormod Skurtveit var ugild i saka. Ingen vara for

Tormod Skurtveit tiltrådde i saka.

Ved røysting fekk rådmannen sitt framlegg til vedtak 7 røyster for , 1 i mot (MDG) og er såleis vedteke.

UDU - 10/2018 VEDTAK:

mot 1 røyst (MDG):

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel for frådeling av bustadhus med tomt på gbnr 51/9, jf søknad motteke 16.10.2017.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling og omdisponering etter jordlova §§ 9 og 12 for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 51/9, jf søknad journalført motteke 16.10.2017.

- Det blir satt vilkår for godkjenninga at parsellen ikkje vert større enn 0,9 daa.
- Tilkomstvegen forbi huset må utvidast, slik at ein kan passere med landbruksutstyr utan at det blir til hinder for bustadføremålet eller landbruket. Eksakt løysing skal vurderast saman med løyve etter pbl. Kap. 20.
- Vegrett må tinglysast til den nye parsellen, seinast saman med oppmålingsforretninga.

Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

11/2018: GBNR 6/62, Ytre Brakstad - Søknad om dispensasjon frå LNFR for deling av eigedom

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel, for deling av gbnr 6/62 i samsvar med søknad motteke 10.10.2017, supplert 24.10.2017.

Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom dei ikkje er nytta, jf pbl § 21-9. For grunngeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 11/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel, for deling av gbnr 6/62 i samsvar med søknad motteke 10.10.2017, supplert 24.10.2017.

Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom dei ikkje er nytta, jf pbl § 21-9. For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

12/2018: GBNR 18/57,63 - Klage på pålegg om tilknytning til kommunalt vassverk - Dalstø

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 18.12.2017 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at pålegg datert 04.12.2017, sak 335/2017, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 12/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 18.12.2017 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at pålegg datert 04.12.2017, sak 335/2017, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

13/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

23.01.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 13/2018 VEDTAK:

Erling Rønnestad, KRF, spurte om medlemmar av andre politiske utval hadde tilgang til saksdokumenta med vedlegg i politisk portal. Administrasjonen skulle undersøke dette til neste UDU-møte.

Henriette Fennelly, FrP, ba om at mal for alternativt vedtak vert sendt ut som vedlegg til e-posten som medlemmane får, når det går ut beskjed om at møteinnkallinga ligg i portalen. Administrasjonen skulle jobbe med saken.
